Fyresdal kommune

Arkiv:	026
Saksmappe:	2026/1207-3
Saksbeh.:	Ulf Pedersen
Dato:	17.11.2026

Saksframlegg

Barnevernsvakt

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har:

Dokument i saka:

Vedlegg
1 Samarbeidsavtale
2 Utreding av barnevernsvakt okt 2026[58]

Bakgrunn for saka:

Barnevernslovens § 15-3, 4. ledd slår fast at barnevernstenesta skal være tilgjengeleg til ei kvar tid. Ein av barnevernets mest grunnleggande oppgåver er å hjelpe barn og unge som er i alvorleg krise. Det inneber at barnevernet må ha ein akuttberedskap også utanom ordinær arbeidstid.

Fyresdal kommune slutta seg til samarbeidsavtale om barnevernsvakt med Skien kommune i sak 22/24 den 25.04.2024.

I vedlagde notat frå innleigd konsulent Wenche Glørud blir det punkt 2 gjort greie for bakgrunnen for at tre av barnevernssamarbeida etter to års samarbeid har iverksett utgreiing av ei alternativ vaktløysing. Det er særleg Aust og Vest-Telemark som opplever utfordringar med dagens ordning. Dette handlar mellom anna om lange avstandar, få utrykkingar og avgrensa lokal bistand frå vakta. I tillegg har me i liten grad tilgang til tilleggstenester, som til dømes tilsyn, på grunn av både avstand og kostnader. Trass i dette betalar kommunane etter innbyggjartal på lik linje med dei øvrige deltakarane, utan at tenestetilbodet er tilsvarande.

Det er eitt års oppseiingstid i dagens avtale med Barnevernsvakta i Telemark. Barnevernleiar ønskjer difor at kommunane tek stilling til saka før utgangen av året. Dette vil legge grunnlaget for å planleggje og etablere ei eiga barnevernsvakt.

Det er semje blant kommunedirektørane i dei 11 kommunane om at det ligg føre eit tilstrekkeleg grunnlag til å seie opp avtala med Skien kommune. Så må ein bruke første halvdel av 2027 på å avklare korleis beredskapsbehovet etter 2027 konkret skal løysast.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal vere ein god oppvekstkommune, og Fyresdal kom mune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Det er maktpåliggjande for alle kommunar at barnevernsvakta utgjer ein reell beredskap som oppfyller lovkravet. Dei praktiske erfaringane med den noverande løysinga underbyggjer at dette dessverre ikkje er tilfelle. Vaktområdet er, samanlikna med andre fylker, geografisk svært stort. Buskerud er til samanlikning inndelt i 6 område. Terskelen for fysisk utrykking til Vest-Telemark blir for stor når heile Telemark er eitt distrikt.

Vurderinga viser tydeleg at etablering av ei eiga barnevernsvakt for dei tre barnevernsamarbeida er den beste løysinga. Rapporten frå fagutviklar Wenche Glørud konkluderer med at me bør avslutte samarbeidet med Skien kommune, og etablere ei eiga barnevernsvakt tilpassa behova i våre kommunar.

Det er eitt års oppseiingstid i dagens avtale med Barnevernsvakta i Telemark. Kommunedirektøren ønskjer difor at kommunane tek stilling til saka i sitt november møte. Dette vil gi oss høve til å seie opp dagens ordning raskt og samtidig starte arbeidet med å planleggje og etablere ei eiga barnevernsvakt.

Det står att noko utgreiingsarbeid. KS advokatane skal gjere ei vurdering av korleis ei samarbeidsavtale. Omfanget av sjølve vaktordninga må òg avklarast nærare. Dagens skisse syner at dei 11 kommunane samla sett kan spare om lag 1,2 mill. kr. årleg f.o.m. 2028.

Konklusjon:

Kommunedirektøren tilrår at gjeldande avtale med Skien kommune blir sagt med verknad frå 1.1.2027.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune seier opp samarbeidsavtala med Skien kommune om Barnevernvakten i Telemark. Skriftleg oppseiing skal sendast innan utgangen av 2026. Med eitt års oppseiingstid gjeld avtala ut 2027, og Fyresdal kommune trer ut av samarbeidet frå 1.1.2028.

Kommunedirektøren får fullmakt til å godkjenne ny samarbeidsavtale om barnevernsvakt innanfor eksisterande økonomiske rammer for barnevernssamarbeidet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Ulf Pedersen
	kommunedirektør